

## Måleriet på Reintun.

Måleriet som heng nyrestaurert på sceneveggen på Reintun vart måla i 1941 av Magnus Hardeland. Vi vil prøve å rekonstruere historia til dette måleriet som er ein naturleg del av bygdehuset vårt her i Reinli. Det er svært lite vi veit om målaren anna enn at han heitte Magnus Hardeland, og var frå Fitjar på Stord.

Det var Reinli ungdomslag ved formann Ola J. Lineikro som tinga dette måleriet i si tid. Fyrst på 1940-talet var Reinli Ungdomslag inne i ei svært aktiv periode. Mellom anna øvde dei inn eit skodespel som heitte "Kjærleik på Lykteland". Det var ei komedie som handla om ein bonde som ville prøve å skaffe seg gardkjerring på ein noko utradisjonell måte, ved å avertere etter ei i avisa. Nokre av dei som var med var Mikael Hasle som Marselius Bruland, dei kvinnelege hovudrolleinnehavarane var Bjørg Fremgård, Olaug Sogn, Elise Bøen og Gudrun Hagene. Valdemar Haugerud var bonden Jon Lykteland.

Då ungdomslaget hadde premiere på skodespelet var måleriet på plass, prisen var 200 kroner og storleiken 2 x 4 meter. Alt veka etter vart det teke med på gjesteframvisning på utescena på Bangsmoen der Valdres ungdomslag hadde årsmøtet sitt. Sidan vart det hengt på plass att på Reintun og fekk henge der i mange år. Frå midten av 1950-talet og i 10 år framover var det liten aktivitet på Reintun og huset forfall meir og meir. Ein gong i løpet av desse åra vart måleriet teke ned av veggen, rulla saman i ein tull og lagt vekk bak scena.

Fyrst på 70-talet var det stor diskusjon om lagnaden å Reintun, skulle det rivast eller skulle det restaurerast? I 1974 vart det fleirtal blant bygdefolket om at bygget skulle restaurerast. Våren-75 vart bygget restaurert utvendig, innvendig vinteren og våren-75/76. Den gamle scena vart riven og det var i samband med dette at måleriet dukka oppatt under mykje rusk og rask. Dei som fann det syntes at det fortente ein betre lagnad enn å hamne på søppelhaugen.

Ola Kvålshaugen og Martin Fremgaard, to av karane i dugnadsgjengen prøvde å bøte på skadane på lerretet ved å setja brei tape på baksida. Dei hengde det oppatt på veggen på den nye scena, sjølv om det enno var stygge rifter og hol i det, og målinga var noko bleikna og falma. Og det gjekk mange, mange år....

På vårparten i 2004 tok styret for Reintun opp saka med måleriet som no var i så dårleg forfatning at noko måtte gjerast før det datt ned av veggen av seg sjølv. Heile styret var einige i at vi ville gjera eit forsøk med å få tak i ein som ville restaurere det. Vi hadde kontakt med ulike målarar som kunne tenkje seg å gjera jobben. Vi valde Alex Nilsen frå Raufoss. Han er kunstmålar og kom på Reintun for å ta måleriet i augesyn. I august 2004 vart måleriet teke forsiktig ned av veggen, rulla saman og teke med til Raufoss.

På førehand fekk vi eit prisoverslag som lydde på 20.000 kroner. Men hadde vi råd til dette? Vi fann ut at vi ville prøve å få inn pengar ved å sende ut eit brev til bygdefolket der vi ba om eit pengebidrag, stort eller lite. Og det viste seg no at det var mange i bygda som sette pris på måleriet som "alltid" hadde hange på Reintun. Pengane vart sett inn på eigen konto og då måleriet kom heimatt like før jul i 2004 hadde det kome inn 13.000 kroner. Som de ser, heng no måleriet på sin gamle plass, like godt som nytt, forsterka med eit ekstra lag lerret på baksida og fargane er oppattfriska. Og no ynskjer vi at det må henge der i minst 64 år til.